
Saksnr: 2020/79315-1
Saksbehandlar: Astrid Synnøve Hjellbakk
og Gro Hovland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		14.01.2021
Fylkesutvalet		09.02.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Oppfølgingstenesta - tiltak inkludert evaluering av produksjonsskulen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø vert avvikla frå skuleåret 2021/2022 om det ikkje vert tilført statlege løyvingar.

Samandrag

Fylkesrådmannen følgjer i denne saka opp FT-sak 140/2020 Tiltak for auka gjennomføring for elevar og lærlingar i Vestland. Saka gir

- ei oversikt over korleis ungdom gjennomfører vidaregåande opplæring.
- informasjon om OT-tiltak i Vestland fylkeskommune.
- ei evaluering av produksjonsskuletilbodet ved Hardanger produksjonsskule og SEFF-Florø i Vestland fylkeskommune. Vedlagt er rapportar sendt til utdanningsdirektoratet 1.12.20

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sluttrapport Hardanger produksjonsskule
1.12.2020
- 2 Sluttrapport SEFF- Florø 1.12.2020
- 3 Prosjektskisse Hjeltnes produksjonsskule
- 4 Prosjektskisse SEFF-Florø
- 5 Søknad Udir Hardanger produksjonsskule
- 6 Søknad til Udir, SEFF-Florø

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 140/2020 Tiltak for auka gjennomføring for elevar og lærlingar i Vestland gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

1. Fylkestinget tek gjennomgangen av tiltaka for auka gjennomføring til vitande og meiner oversikta synleggjer trongen for ulike førebyggjande og tilbakeførande tiltak for å sikre at flest mogeleg får høve til å fullføre vidaregåande opplæring og ta del i arbeidslivet.
2. Fylkestinget vedtek at produksjonsskulane sitt oppdrag vert vidareutvikla inn mot førebyggjande tiltak i Vestland. Vidareføring av tilboda ved Hardanger produksjonsskole og SEFF - Florø vil krevje vidareføring av den statlege løyvinga eller auka tilskot frå fylkeskommune. Det er i budsjettframlegget for 2021 ikkje lagt inn auka fylkeskommunale midlar. Fylkesrådmannen vil fremje ei sak om eventuell vidareføring og finansiering når evalueringa føreligg.

Ved evaluering av produksjonsskolen i Hardanger skal det fremkomme kostnader ved drift av eiendommen og fremtidige investeringsbehov.

3. Fylkestinget vedtek at tiltak for auka gjennomføring vert innarbeidd i oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».
4. Fylkestinget støttar opp om aktivt arbeid mot sentrale mynder for å sikra varig statleg medfinansiering.

Vedtakskompetanse

I følgje Reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det fylkestinget som kan vedta økonomisk planlegging og budsjettering av økonomiplan og årsbudsjett jf. kommunelova § 14-2

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen til Vestland fylkeskommune vil ei vidareføring av tilboda ved Hardanger produksjonsskole og SEFF - Florø vil krevje statlege løyving.

Klima:

Er peikt på som sentrale utfordringar og ligg i samfunnsrolla og oppdraget til vidaregåande opplæring, m.a som eige tverrfagleg tema, berekraftig utvikling.

Folkehelse:

Er peikt på som sentrale utfordringar og ligg i samfunnsrolla og oppdraget til vidaregåande opplæring, m.a som eige tverrfagleg tema, folkehelse og livsmeistring.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):


Er peikt på som sentralt i arbeidet med sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

1. Innleiing

Saka har denne inndelinga:

1. Innleiing
2. Statistikk - elevar og lærlingar som avbryt opplæringa
3. Årsaker til at ungdom fell utanfor opplæring og arbeid
4. OT-tiltak, inkludert evaluering av produksjonsskulen
5. Konklusjon

1.1. Det vidaregåande opplæringsløpet



Kjelde: vilbli.no/Utklipp frå [NOU 2018:15Kvalifisert, forberedt og motivert](https://www.nou.no/15Kvalifisert).

Elevane står framfor ei rekkje val i samband med den vidaregåande opplæringa. Når elevar i 10. klasse søker vidaregåande skule, kan dei velje innan ti yrkesfaglege- og fem studieførebuande utdanningsprogram ved Vg1. Frå Vg1 til Vg2 søkjer elevane seg vidare inn på ønska programområde innanfor utdanningsprogrammet dei går på. Frå Vg2 til Vg3 er det størst overgang for dei yrkesfaglege elevane som skal søke læreplass. Alternativ til lære er påbygg til generell studiekompetanse eller Vg3 i skule.

Nokre utdanningsprogram har eit stort tal med programområde elevane kan velje vidare frå Vg1 til Vg2. Døme er Teknologi- og industrifag som har ni programområde å velje mellom, i tillegg til åtte kryssløp retta mot andre utdanningsprogram. Når eleven skal søke vidare til lærefag (Vg3) er det over 50 valmoglegheiter. Ei god karrierelæring, både i grunnskulen og på vidaregåande skule, vil gi eleven eit grunnlag for å gjere eit yrkesval som er tilpassa interesser, føresetnader og kunnskap om jobbmoglegheiter.

1.2. Rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune

Rettleiingstenesta (RLT) er ei brukarnær teneste for elevar, lærlingar, bedrifter, vidaregåande skular, vaksne og ungdom utanfor opplæring. I opprettinga av rettleiingstenesta i Vestland, var det eit mål å samle ulike fagkompetanse som kunne bygge kompetanselag rundt eleven og lærlingen i nærleiken av der ungdommen bur. Fleire fagleg kompetanse skal bidra til å finne den beste løysinga for brukaren. Dei seks rettleiingstenestene er fordelt geografisk over heile fylket.

RLT arbeider med rettleiing, koordinering og oppfølging av ungdom og vaksne innanfor følgjande fagtenester:

- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
Opplæringslova § 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste
- Opplæring i bedrift
Opplæringslova kap. 4 Vidaregåande opplæring i bedrift
Forskrift til opplæringslova kap. 6A
Forskrift til opplæringslova kap. 11
- Vidaregåande opplæring for vaksne (VO)
Opplæringslova § 4A-3 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne
- Oppfølgingstenesta (OT)
Opplæringslova § 3-6. Oppfølgingstenesta
Forskrift til opplæringslova kap. 13

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring, men som ikkje er i opplæring eller arbeid, jf. oppl.l. §3-6. Tenesta gjeld til og med det året ungdommen fyller 21 år. OT skal formidle tilbod om opplæring, arbeid eller kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Denne opplæringa skal så langt som råd er, føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. OT har også ansvaret for å koordinere og samordne dei tverrfaglege tenestene rundt desse ungdomane. Her inngår det å sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar.

Nasjonal evaluering av oppfølgingstenesta

I følgje Utdanningsdirektoratet har undersøkingar vist at det finst for få gode tilbod for og mangel på systematikk i oppfølginga av unge i OT si målgruppe. I 2012 vart forskrift til opplæringslova om oppfølgingstenesta revidert. Endringane medførte ingen nye oppgåver, men presiseringar om at rolla og oppgåvene til OT må bli tydelegare.


Riksrevisjonen gjennomførte ei nasjonal undersøking i perioden 2011-2015 med mål om å vurdere om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging frå oppfølgingstenesta og NAV med sikte på vidare opplæring eller arbeid. I rapporten Dokument 3:9 (2015-2016) blir det lagt til grunn at "fullført og bestått vidaregåande opplæring gir den beste plattformen for å være forberedt til arbeidsliv og vidare utdanning. Ungdom som ikke fullfører vidaregåande opplæring, har større risiko for ikke å få en varig tilknytning til arbeidslivet. Frafallet i vidaregåande opplæring er derfor en stor utfordring både for den enkelte og for samfunnet som helhet." Rapporten oppsummerer følgjande:

- Det er stor variasjon i kvaliteten på oppfølginga av ungdom som har avbrote vidaregåande opplæring.
- Eit fåtal av ungdomane er i tiltak som inkluderer læreplanmål.
- Samarbeidet mellom ulike aktørar om ei heilskapleg oppfølging av ungdomane fungerte ikkje godt nok.

På bakgrunn av Riksrevisjonen sin rapport, utlyste Kunnskapsdepartementet midlar til fylkeskommunane med mål om at det skulle bli oppretta fleire gode tiltak for målgruppa. I Vestland fylkeskommune fekk SEFF- Florø og Hardanger produksjonsskule tildelt midlar, og 1. desember 2020 leverte dei sine evalueringsrapportar for tiltaksperioden. Rapportane er vedlagt saka.

2. Statistikk over elevar og lærlingar som avbryt opplæringa

Fleire ungdomar fullfører vidaregåande opplæring. Tabellen nedanfor syner at det er færre ungdomar som avbryt opplæringa i fylket. Yrkesfagleg utdanningsprogram og påbygg til generell studiekompetanse har hatt den største nedgangen.




Kjelde: Hjernen&Hjertet

Overgangar frå 2018/19 til 2019/20

98,3 % av elevane i Vestland som fullførte grunnskulen i 2018/19 gjekk over til vidaregåande skule det påfølgande skuleåret.


Figurane nedanfor viser overgangar i vidaregåande opplæring er for elevar på studieførebuande (SF) - og yrkesfaglege utdanningsprogram (YF). Dei gule pilane viser prosentdel elevar som repeterer same trinn eller som har gjort omval. 5 % av Vg1-elevane ved YF gjorde omval og 2,7 % repetererte Vg1 påfølgande skuleår. Ved SF var tala lågare, med 3,4 % av elevane som gjorde omval, medan 1,4 % repetererte Vg1 påfølgande skuleår. Dei raude pilane viser prosentdel elevar som avsluttar opplæringa i løpet av eit trinn og mellom skuleåra. 91,1 % av elevane som gjekk på studieførebuande Vg1 i 2018/19 gjekk direkte vidare til Vg2 påfølgande skuleår, medan tilsvarende tal for yrkesfag var 85,1 %.

Overgangar i vidaregåande opplæring ved studieførebuande utdanningsprogram



Kjelde: Skoleporten

Overgangar i vidaregåande opplæring ved yrkesfaglege utdanningsprogram



Kjelde: Skoleporten

Sluttårsaker for elevar

Når ein elev eller lærling står i fare for å avbryte vidaregåande opplæring, må skulen eller bedrifta ta kontakt med rettleiingstenesta for å gjennomføre ein avklaringsamtale. Avklaringsamtalen er omtala under OT-tiltak seinare i saka.

Tabellen nedanfor viser oppgitte sluttårsaker for elevar som avslutta opplæringa si og ikkje er registrert i noko opplæringsløp etter dei har slutta. Personlege årsaker og annan årsak/ikkje oppgitt er flest registrerte sluttårsaker. Skular har meldt inn at grunnar til dette kan vere samansette årsaker til at elevane sluttar.

	Skuleåret 2019/20	Skuleåret 2018/19
Annan f. årsak/ikkje oppgitt	101	100
Fått arbeid	38	20
Begynt på anna skule	8	11
Flytta	11	11
Stort frávær	91	104
Feilval	63	64
Personlege årsaker	216	273
Skulelei/motivasjon	37	42
Fagvanskar		3
Bytte nytt kurs same skule	3	1
Slutta og skal begynne i lære	10	4
Permisjon	29	50
Totalt	607	683

Kjelde: Hjernen&Hjertet

Årsaker til heving av lærekontraktar

Tabellen nedanfor viser årsaker til heving av lærekontrakt i 2020, per desember 2020

Årsak til heving av lærekontrakt	Tal hevingar per des. 2020
Anna årsak/ikkje oppgitt	25
Fått arbeid	5
Brot på arbeidslivet sine reglar	12
Covid-19	2
Endra kontraktstype	14
Flytta	22
Feilval	36
Økonomiske årsaker	5
Overført til ny kontrakt	70
Personlege årsaker	55
Totalt	246

Kjelde: Vigo

Tal ungdomar som får oppfølging av oppfølgingstenesta

Tabellen nedanfor viser tal ungdomar som er definert som OT-ungdomar i løpet av 2020, med måletal i februar, juni og november.


Målgruppe-status	Februar 2020	Juni 2020	November 2020
------------------	--------------	-----------	---------------

	Heile landet	Vestland	Heile landet	Vestland	Heile landet	Vestland
Totalt	12621	1425	13871	1563	10968	1282
1. Ukjent aktivitet	1322	95	999	77	1694	124
2. Under oppfølging og rettleiing	3628	447	4126	526	2919	403
3. I aktivitet (samla tal)	4535	460	5183	479	3834	403
3a) Opplæring og arbeidspraksis i regi av fylket	736	85	740	73	533	61
3b) Arbeidspraksis eller anna tiltak i regi av NAV	2554	333	3075	361	2120	282
3c) Kombinasjonstiltak - fylkeskommunen og NAV	214	18	226	16	149	7
3d) I arbeid	380	6	449	11	282	16
3e) Elev	450	11	453	12	579	26
3f) Lærling/lærekandidat/ praksisbrevkandidat	201	7	240	6	171	11
4. Avklart (samla tal)	3136	423	3563	481	2521	352
4a) Takka nei til oppfølging	650	84	821	95	544	78
4b) Er i millitæret	122	11	135	10	121	9
4c) Har omsorg for barn	183	27	230	34	134	20
4d) Er sjuk/institusjon	1370	195	1552	236	1048	152
4e) Ikkje-formell opplæring	811	106	825	106	674	93

Kjelde: Udir

Som det går fram av tabellen over er det om lag 10 prosent av ungdomane som har status som ukjent aktivitet. Dette er ungdomar som rettleiingstenesta ikkje har oppnådd kontakt med. Ungdom som er under oppfølging og rettleiing utgjør om lag 30 prosent. Dette er ungdomar som rettleiingstenesta er i prosess med for å få dei inn i kompetansegivande opplæring.

Geografisk fordeling av ungdom utanfor opplæring i Vestland



Figuren over syner den prosentvise geografiske fordelinga av ungdom utanfor opplæring per desember 2020, registrert i Vigo Otto. 75 prosent av ungdomane er knytt til Bergensområdet og blir følgt opp av rettleiingstenestene i Bergen sentrum-vest, Bergen sør og Bergen Nord. 25 prosent er knytt til resten av fylket, og blir følgt opp av rettleiingstenestene i Vestland Nord, Indre Vestland og Vestland sør.

3. Årsaker til at ungdom fell utanfor opplæring og arbeid

Rettleiingstenesta sine erfaringar er at det er ulike årsaker til at ungdom fell utanfor opplæring og arbeid, men at det er nokre hovudårsaker som skil seg ut:

Elevane manglar tilstrekkeleg fagleg grunnlag frå grunnskulen for å kunne meistre vidaregåande opplæring

Denne årsaka til fråfall er også belyst i fleire rapportar. Mellom 15 og 20 prosent av elevane går ut av grunnskulen med så svake ferdigheiter at dei vil ha problem med å klare seg i vidare utdanning og arbeidsliv, jf. Meld. St. 21 (2016-2017) Lærelyst - Tidleg innsats i skolen. Døme kan vere at elevar har hatt fritak eller manglande vurdering i eitt eller fleire fag på ungdomsskulen, og møte med vidaregåande skule gjev låg fagleg utbyte grunna at nivået på opplæringa ikkje er tilpassa eleven sitt faglege nivå. Dette gir låg meistring og motivasjon. I NOU 2019:25 Med rett til å meistre blir det sett lys på at elevar treng forsterka hjelp til å klare krava i vidaregåande opplæring.

Erfaring viser at ein del elevar gjer feilval

Karriererettleiinga eleven får på ungdomsskulen og vidaregåande skule er for ein del elevar ikkje tilstrekkeleg for å ta rette val. Nokre elevar finn dette ut seint i opplæringsløpet sitt.

Minoritetsspråklege med for låge språklege føresetnader for vidaregåande opplæring

Erfaring viser at ein del minoritetsspråklege elevar byrjar i vidaregåande opplæring utan å ha gode nok faglege og språklege føresetnader for å kunne gjere seg nytte av den ordinære undervisninga. Anna kulturell- og systemforståing kan gjere at elevane har eit meir krevjande utgangspunkt.

Elevar som opplever utrygt skulemiljø

Det er ein auke i tal elevar som opplever utrygt skulemiljø. Elevar som opplever å bli ståande utanfor det sosiale fellesskapet på skulen, fører lett til auka grad av sårbarheit, mistrivsel og utryggheit. Langvarig sosial isolasjon kan også føre til låg sjølvfølelse, depresjon og angst. Dette er forhold som har spesielt stor betydning for elevar som vegrar seg for å gå på skulen og som er utsett for mobbing. Det kan gi alvorlege konsekvensar for dei det gjeld, både med tanke på psykisk helse og fråfall i vidaregåande opplæring.

4 Tilbakeførande tiltak retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeidsliv

4.1. OT-tiltak i Vestland fylkeskommune

Av gjennomføringsmidlar som rettleiingstenestene i heile Vestland disponerer er om lag 5 mill. kr. sett av til OT-tiltak. Dette er midlar som går til breie individuelle oppfølgingstiltak. Midlane blir nytta til kjøp av tenester både hjå private og frivillige aktørar utanfor organisasjonen og til finansiering av tiltak innafor organisasjonen. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil komme attende med ei sak til hovudutvalet som syner kva omfang fylkeskommunale midlar vert nytta til kjøp av tilbakeførande tiltak frå private og frivillige aktørar.

Samarbeid med NAV

Rettleiingstenestene samarbeider med NAV i ulik grad på individnivå for å bidra til at ungdom som har falle ut kjem tilbake til opplæring eller arbeid. Døme kan vere ungdom som av ulike årsaker har behov for økonomisk støtte til bu og livsopphald for så å kunne gjennomføre opplæringa. Oppfølgingstenesta og NAV kan samarbeide om praksisplassar og jobb for ungdom i bedrifter. Ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og NAV er signert og det er nedsett fleire ulike arbeidsgrupper i dette arbeidet for å utarbeide underavtalar. Avtale mellom OT og NAV skal vere ferdig i mars.

Tilbod om fagleg støtte til å fullføre og bestå enkeltfag

Rettleiingstenestene i Bergensområdet har over fleire år hatt samarbeid med Årstad vgs. om å kjøpe plassar ved skulen sitt studiesenter for ungdom som manglar enkelte fag for å kome vidare i opplæringsløpet. For nokre av ungdommane er målet å bestå i eit eller fleire fag dei tidlegare ikkje har bestått. For andre ungdomar er opplæringa med å motivere for tilbakeføring til skule eller mål om å fullføre fellesfaga. Det er om lag 40-50 ungdomar utanfor opplæring som årleg får tilbod ved studiesenteret. Rettleiingstenesta i indre Vestland arbeider med å utvikle eit digitalt studiesenter som eit pilotprosjekt.

Karrierelæring

Karrierelæring er eit eige tiltak som hjelper ungdomar med å ta betre val gjennom kartlegging og rettleiing. Karrierelæring er eit tiltak som i stor grad er retta mot dei ungdomane som har slutta opplæringa si gjentatte gongar. Døme på tiltak er arbeidstrening.

Korte kompetansegevande kurs eller praksis

Korte kompetansegivande kurs eller arbeidspraksis til ungdom gjennom bruk av gjennomføringsmidlar. Kursa kan vere sertifiseringskurs som inngang til eit arbeid etter opplæringa. Døme kan vere HMS-kurs.

Avklaringssamtalar

Avklaringssamtalen har som mål å førebyggje avbrot for ungdom med ungdomsrett (under 21 år) og ungdom under opplæring i bedrift i aldersgruppa 21-24 år. Samtalen blir gjennomført når ein elev eller lærling står i fare for å avbryte opplæringa eller heve lærekontrakt, eller når ungdommen har bestemt seg for å avslutte opplæringa. Saman med ungdommen, føresette (under 18 år), repr. frå skulen/lærebedrift, deltek OT-representant i samtalen. Samtalen skal vere ein konstruktiv arena der ungdommen kan få møte og legge fram sine opplevingar og erfaringar. Det skal setjast lys på kva for alternativ som finst for ungdommen og det skal sikrast at ungdommen vert godt informert om kva konsekvensar avbrot i opplæringa kan få i høve ungdommen sine rettar. Det skal også lagast ein plan vidare for ungdommen.

Produksjonsskulen i Vestland og SEFF-Florø

Produksjonsskulen i Vestland består av Hyssingen produksjonsskule i Bergen og Hardanger produksjonsskule i Ulvik. Hardanger produksjonsskule er organisert som ei avdeling av Hyssingen. SEFF-Florø er eit liknande tiltak retta mot same målgruppe, ungdom utanfor opplæring og arbeid.

Hyssingen produksjonsskule starta i 2015 og har som føremål å sikre rask tilbakeføring til opplæring eller arbeid, når elevar fell frå tilbod i vidaregåande opplæring, eller ikkje tek til i opplæring/arbeid etter avslutta grunnskule. Hyssingen er eit dagtilbod som skal utvikle gode individuelle og organisasjonsmessige læringsprosessar, nye måtar å organisere opplæringa på, og å styrkje samhandling med fleire sektorar. Målet er å auke høvet til å lukkast i vidare utdanning og arbeidsliv. Skulen har fire verkstader; Design & handverk, Bygg & anlegg, Restaurant og matproduksjon og Kulturverkstad. Skulen er godkjent lærebedrift i kokkefaget, og har to kokkelærlingar tilknytt kafédrift.

På bakgrunn av Riksrevisjonen sin rapport, utlyste Kunnskapsdepartementet midlar til fylkeskommunane med mål om at det skulle bli oppretta fleire gode tiltak for målgruppa. Midlane var tidsavgrensa, og blei avslutta våren 2020. I Vestland fylkeskommune fekk SEFF-Florø og Hardanger produksjonsskule tildelt midlar. SEFF-Florø vart fullfinansiert ved dei statlege midlane medan Hardanger produksjonsskule har om lag 4 mill. kr. i fylkeskommunale midlar per år i tillegg til statleg finansiering. Sluttrapportane vart levert til Utdanningsdirektoratet 1. desember 2020. Produksjonsskulane og SEFF-Florø er eit tilbod for ungdom mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring etter forskrift i opplæringslova § 13-2, og som har falle ut av vidaregåande opplæring, eller ikkje tek til i opplæring/arbeid etter avslutta grunnskule. Ungdommen har ikkje formell elevstatus og brukar dermed ikkje av opplæringsretten sin.

Føremål med produksjonsskulen Hyssingen og avdeling Hardanger er å redusere fråfall i vidaregåande opplæring og å sikre rask tilbakeføring, til skule, lære eller arbeid. Gjennom deltaking på skulen skal ungdommen få danning og kvalifisering gjennom praktisk arbeid i ein produksjon, lære om arbeidslivet sine spelereglar, få opplæring i grunnleggjande ferdigheitar etter behov og få naudsynt rådgiving. Både ved Hyssingen og Hardanger produksjonsskule blir ungdomane tilknyta eit av skulen sine verkstader. Hardanger produksjonsskule har fire verkstader hausten 2020; Natur og miljø, Mekanisk verkstad, Digitalt verkstad og Sosiale Media verkstad (SoMe). Gjennom verkstadarbeidet kan ungdommen oppnå kompetanseheving gjennom praksis, noko som kan medføre moglegheit til å få avkorta læretid for ungdom som teiknar lærekontrakt etter produksjonsskulen. Ved hjelp av eit praksisbevis kalla "skussmål" får ungdommen dokumentert praksis og fagområde, omfang og oppnådd kompetanse til bruk i vidare opplæring eller arbeid. Produksjonsskulane i Vestland har henta inspirasjon frå den danske modellen *produksjonsskole*. Eit sentralt element i den danske modellen er omgrepet *danning gjennom arbeid og produksjon*.

Produksjonsskolene tilbyr individuelle forløp som tar utgangspunkt i hva ungdommen kan og hvordan ungdommen når sitt mål. Læringsmiljøet utspringer av praktisk arbeid i mindre verkstedsenheter og suppleres av et sterkt og sammenhengende ungdomsmiljø på skolen. Målet for produksjonsskoledeltagelsen er deltakerens faglige, personlige og sosiale utvikling (Produktionsskoleforeningen).

På grunn av ny skulereform i Danmark, blei den danske Produktionsskoleforeingen avvikla i 2019 og produksjonsskulane har fått ei ny rolle innan praktisk opplæring for ungdomar som heiter Den forberedende grunnuddannelse (FGU)

SEFF-Florø er lokalisert i nærleiken av og har samarbeid med Flora vidaregåande skule. Føremålet til SEFF-Florø er å rekruttere og behalde ungdomar i vidaregåande opplæring slik at fleire kvalifiserer seg for sitt framtidige arbeidsliv. Gjennom dialog og med vekt på ungdomane sine styrkar vert det bygd tillitsfulle relasjonar. Kvar ungdom får individuell oppfølging tilpassa deira utfordringar og behov, og det blir lagt opp til aktivitetar som gir meistring, er styrkebaserte, praksisnære og helsefremjande. Dei kan få hjelp til å "rydde opp" i saker som ikkje er skulereelaterte, men som er til hinder for læring. Tidleg i opphaldet blir det etablert kontakt med ulike instansar dersom ungdommen har behov for hjelp eller støtte med ulike problem, anten innan helse eller velferd.

Ungdomane får karrierelæring for å bli kjent med eigne styrkar og verdiar. Dei får prøvd ut ulike arbeidsoppgåver i SEFF-Florø og ulike yrker gjennom opplæring i verkstadane på Flora vidaregåande skule eller som utplassering i bedrift. I SEFF-Florø sin studieverkstad får ungdommen undervisning av pedagogar frå Flora vidaregåande skule. Målet er å styrke fagleg kompetanse eller for å bli kvalifisert i fag. Ungdomane kan også kvalifisere seg i fag ved å hospitere i ein klasse på Flora vidaregåande skule gjennom skuleåret og få sluttvurdering.

	Hyssingen produksjonsskule	Hardanger produksjonsskule	SEFF i Florø
Målgruppe	Ungdom med opplæringsrett som har falle utanfor opplæring eller arbeid		
Kompetansegivande tilbod	Kompetanseheving gjennom praksis som kan avkorte læretid.		I samarbeid med Flora vidaregåande skule
Inntak	Formidling gjennom OT. SEFF-Florø også gjennom LOS-funksjon og skule.		
Bruk av opplæringsrett	Ungdomane har ikkje formell elevstatus og brukar ikkje av opplæringsretten sin.		
Varigheit	Eitt år. Det kan søkjast om seks månadar forlenging dersom innsøkjande instans i samarbeid med den unge, finn det føremålstenleg.		
Utskriving	Utskriving til skule, lære eller arbeid er løpande gjennom heile året. Tal på ungdomar som er tilknyta skulen/tiltaket er difor i kontinuerleg endring.		
Oppstartsår	2015	Haust 2018	Haust 2019
Årsverk 2020/21	9,5 årsverk	11,5 årsverk	1,5 årsverk er frikjøpt 2 tilsette
Tal ungdomar i kontrakt per desember 2020	26 ungdomar i kontrakt.	23 ungdomar i kontrakt.	6 ungdomar i kontrakt.
Tilbakeføring til opplæring og arbeid	Sidan 2015 er det 207 ungdomar som har starta på Hyssingen. 74 ungdomar har avslutta i avklaringsperioden eller i arbeidskontraktperioden. 20 ungdomar er framleis i kontrakt. 80 % av dei 113 ungdomane i som har fullført arbeidskontrakten går vidare til skule, lære eller arbeid.	Sidan oppstart haust 2018: 56 ungdomar har delteke 24 har fullført arbeidskontrakten og av dei er det 79% som har gått vidare til arbeid eller opplæring.	Sidan oppstarten hausten 2018 Første driftsår var det sju ungdomar i tiltaket. To av dei er framleis i kontrakt. Ein er i arbeidsførebuande trening og ein har gått vidare til arbeid. Tre ungdomar avslutta i avklaringsperioden.

	20 % har ikkje nådd målet om tilbakeføring til framtidsbyggande aktivitet og er enten framleis arbeidssøkjande eller har helseproblem som hindrar dei.		
Dag/døgntilbod	Dagtilbod	Døgntilbod	Dagtilbod

4.2. Finansiering av produksjonsskulen og SEFF-Florø

Produksjonsskulen Hyssingen er fullfinansiert av fylkeskommunale midlar. I tiltaksperioden (2018-2020) delfinansierer fylkeskommunen Hardanger produksjonsskule i kombinasjon med statlege midlar, medan SEFF-Florø blir fullfinansiert med statlege midlar.

Tabellen nedanfor viser fordelinga av statlege og fylkeskommunale midlar i løpet av tiltaksperioden.

	Samla tal 2018-2020	
	Statlege midlar	Fylkeskommunale midlar
Hyssingen produksjonsskule	-	23 mill. kr
Hardanger produksjonsskule	10,2 mill. kr	12,5 mill. kr
SEFF -Florø	4,2 mill. kr	-

Finansiering av produksjonsskulen og SEFF - Florø utan statlege midlar til vidare drift

Tabellen nedanfor viser behov for fylkeskommunale løyvingar dersom tiltaka ikkje får statleg støtte. Berekingane er gjort ut i frå noverande omfang og drift.

	Auka behov for fylkeskommunale midlar utan statleg støtte 2021-2022	
	Haust 2021	Årleg løyving 2022
Hyssingen produksjonsskule		8,0 mill. kr
Hardanger produksjonsskule	2,3 mill. kr	10,5 mill. kr
SEFF-Florø	1,9 mill. kr	5,0 mill. kr

4.3 Hardanger produksjonsskule: Kostnader ved drift og framtidige investeringsbehov

I perioden august 2018 - november 2020 har fylkeskommunen investert i ombygging av eksisterande bygg, noko nybygg og investeringar i naudsynt utstyr til verkstadane for om lag 4 mill. kr. Vedlagt sluttrapport gir utfyllande informasjon.

Anslag av eigedomsavdelinga desember 2020:

Eigedomsavdelinga har anselege kostnader ved framtidig drift og kome fram til følgjande:

- **Investering**

Investeringsbehovet er svært stort dersom alle dei sentrale bygga skal brukast til skule. Det gamle hovudbygget vil krevje ei stor investering. Sjølv om bruken er avgrensa til 30-40 elevar og det gamle hovudbygget ikkje skal oppgraderast vil ei framtidig investering være på fleire titals millionar. Det må gjerast ei teknisk og bygningsmessig tilstandsanalyse for å få eit meir nøyaktig anslag på kostnadsnivået på framtidige investeringar for å få bygningsmassen på eit tilfredsstillande nivå.

- **Drift**

Når det gjeld den tekniske drifta så vil denne anslagsvis være i storleiksorden mellom 2 - 2,5 mill. kr årleg. Dette er basert på dagens rekneskapstal (2020) inklusiv lønskostnader til reinhald og teknisk driftspersonell.

Anslag i prosjektskissa 2016:

I prosjektskissa for Hardanger produksjonsskule (prosjektnamn Hjeltnes) som blei handsama i

fylkestinget (HFK) 5. oktober 2016 var det gjort følgjande berekningar der det er teke omsyn til fire verkstader med 10-12 ungdomar i kvar.

- **Investeringsbehov**

	Investeringstrong			Total sum
	Pri 1 Svært naudsynt	Pri 2 Naudsynt	Pri 3 Mindre naudsynt	
Verkstad/anlegg	Kr 13 060 000	Kr 500 000	Kr 2 200 000	
Gardstun	Kr 3 700 000	Kr 2 800 000	Kr 3 680 000	
Sum	Kr 16 760 000	Kr 3 300 000	Kr 5 880 000	Kr 25 940 000

Kjelde: Prosjektskisse Hjeltnes produksjonsskule (2016)

"For full drift av produksjonsskulen på Hjeltnes slik den er planlagt med fire verkstader, vil det vere naudsynt med investeringar i bygg på om lag 17 mill. kr. På lengre sikt vil det vere naudsynt med ytterlegare oppgraderingar rekna til ein total investeringstrong på om lag 26 mill. Kr."

- **Driftsmidlar:**

Drift	Adm./stab	4 verkstader	Døgntilbod	Sum
Kostnader	Kr 4 120 000	Kr 6 500 000	Kr 4 530 000	Kr 15 150 000
Inntekter	-	Kr -1 250 000	Kr - 100 000	Kr -1 350 000
Netto drift	Kr 4 120 000	Kr 5 250 000	Kr 4 430 000	Kr 13 800 000

Kjelde: Prosjektskisse Hjeltnes produksjonsskule (2016)

5 Konklusjon

Regjeringa har som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring. Dagens utdanningssystem føreset i stor grad at elevane har same utviklingstakt og alle får difor det same tilbodet. Skal ein nå regjeringa sitt mål, må opplæringssystemet ta høgde for mangfaldet i ungdomsgruppa og etablere fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar som kvalifiserer fleire. Nokre ungdommar manglar motivasjon, nokre har låge skuleferdigheiter, nokre treng andre opplæringsarenaer og nokre har ikkje-skulerelaterte utfordringar som hindrar læring. Gjennom arbeidet med mål og strategiplanen Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring vil det bli arbeid med å fornye og forbetre både førebyggjande og tilbakeførande tiltak slik at fleire elevar og lærlingar gjennomfører opplæringa si. Rettleingstenesta er ei brukarnær fleirfagleg teneste som arbeider breitt med individuelle oppfølgingstiltak retta mot den enkelte ungdom sine interesser og behov. Arbeidet skal hjelpe ungdommen tilbake til opplæring i skule eller bedrift eller arbeid.

Produksjonsskulane og SEFF-Florø representerer alternative opplæringsordningar som tek høgde for at deltakarane utviklar seg ulikt, har ulike utfordringar og ulike behov. Ungdomar som treng ulike opplæringsarenaer for å utvikle læringspotensialet sitt, får nytte relevante og praksisnære opplæringsmetodar bygd på deltakarane sine styrker, interesser og kvalifikasjonar. Samtidig lærer dei om arbeidslivet sine krav og dei forventningar samfunnet stiller. Produksjonsskulane og SEFF-Florø har ein arbeidsmetode som utøver god fleirfagleg samhandling med eksterne aktørar. Dette samarbeidande laget si målsetjing er å utvikle ungdommen i eit inkluderande, heilskapleg, relevant og meningsfullt læringsmiljø. Den vidaregåande opplæringa sitt oppdrag er å kvalifisere framtidens borgarar til arbeid og samfunnsliv. Ikkje all ungdom har dei nødvendige føresetnadene for å mestre krava i vidaregåande opplæring og treng soleis målretta innsats og individuell tilpassing for å unngå utanforskap. Produksjonsskulane sitt føremål om å møte ungdommane der han er, hjelpe og støtte er difor viktig for å ivareta og tilbakeføre dei til opplæring i skule eller bedrift.

Fylkesrådmannen vurderer produksjonsskulane og SEFF-Florø som kvalitativt gode tilbod. Produksjonsskulen i Hardanger er i dag finansiert av både fylkeskommunale og statlege midlar. SEFF-Florø er fullfinansiert av staten. Fylkesrådmannen meiner med bakgrunn i den økonomiske situasjonen til Vestland fylkeskommune at det ikkje er rom for å vidareføre produksjonsskulen i Hardanger og SEFF-Florø utan at løyvingane frå staten held fram på dagens nivå og ser det som avgjerande at den statlege finansieringa vert avklara i revidert nasjonalbudsjett. Dette for å ha det beste utgangspunktet for å planlegge eit langsiktig og føreseieleg tilbod med høg kvalitet.